

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> • Skriva tekstar med funksjonell tekstbinding og riktig teiknsetjing og meistre rettskriving og bøyning av ord på hovudmål og sidemål • Bruka fagspråk og argumentera sakleg i diskusjonar, samtaler, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"> • Reading, writing and speaking about the history, culture and languages of Indigenous peoples • Using active and passive voice • Improving your writing
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> • Skildre praktiske situasjonar i ein graf og ein verditabell, og kunne hente ut informasjon frå dei • forklara kva me meiner med ein matematisk modell • kjenne att praktiske situasjonar der ein lineær modell eller ein eksponentiell modell kan brukast • lage enkle matematiske modellar ut frå målte tal eller statistikk •
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"> • Gjera greie for årsaker til og konsekvensar av den kalde krigen • Vurdera den kalde krigen ut frå ulike perspektiv • Forklara kva teknologi har å seie for enkeltmennesket og samfunnet • Trekkja historiske linjer fram til i dag • Forklara ulike måtar å fordele makt og styre eit samfunn
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna seia noko om humanisme • Vita kva ordet religionskritikk betyr • Kunna snakka om menneskelege verdiar – kor kjem ondskap frå?
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> • Forklara kva bakteriar og virus er, og gje nokre døme på sjukdommar dei kan føre til • Gjera greie for immunforsvaret og forklara funksjonen til nokre sentrale celler • Gjera greie for kva ein vaksine er, og forklara korleis han fungerer • Finna dagsaktuell forskning på vaksinar og gjera greie for korleis vaksinar blir utvikla, testa og tekne i bruk på menneske
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> • Verbale tidsbøyningar i samband med véret • Snakka om vér • Spansktalande land: Chile
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna bruka modale hjelpeverb i presens rett i setningar • Kunna snakka om framtid, interesse, yrke og utdanning.
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"> • Formidla eigne opplevingar av musikk og filmar eller teater til andre • Formidla medieoppslag frå sjølvvalte engelskspråklege medium og laga eigne oppslag • Læra skilnaden på it is/there is

Arbeidslivsfag	<ul style="list-style-type: none"> • Planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag • Produsera og levera varer og tenester etter kvalitetskrav
Kroppsøving	<ul style="list-style-type: none"> • Trena på og utvikla ferdigheiter i dans og basketball • Øva på og gjennomføra danseaktivitetar frå ungdomskulturar og andre kulturar, og saman med medelevar skapa og presentera dansekomposisjonar • Bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre <p>Symjing</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forstå og gjennomføra livberging i, på og ved vatn ute i naturen • Forstå og gjennomføre livreddande førstehjelp
Musikk	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna fleire skotske folkedansar
K&H	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeida med oppgåve geriljabroderi eller dyrefigur i tre med samanføyning
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal • Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker
Fys.ak.	<ul style="list-style-type: none"> • Trena på og utvikla teknikk og taktikk i basketball • Oppmuntra og spela andre gode • Visa forståing for fair play
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> • Trygg og sporlaus ferd-ta vare på seg sjølv og andre
Design	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeida med oppgåva «Spel» • Kunna arbeida med ulike materiale
Trafikk	<ul style="list-style-type: none"> • Beskriva trafikken i eit historisk perspektiv og drøfta utfordringar i dag og i framtida
Olweus	<ul style="list-style-type: none"> • Klassemiljø

INFORMASJON TIL HEIMEN

Vinterball

Elevrådet vil ønske alle velkommen til vinterballet 23.01.25. Det vil vera kafé i kantina etter at alle trinna har fått pizza og brus. I mingleområdet i 3. etasje blir det sett ut spel og me vil også ha oppe bordtennisbord. I Gymsalen er det laga til diskotek.

10.trinn skal komma kl 19.30. Då skal dei først kryssa seg av på liste, før dei kan gå inn i kantina og få brus og pizza. Deretter går dei opp i klasserom merka med 9.trinn, og legg frå seg jakke og sko.

Det er mulig å bruka diggipay dersom de vil kjøpa noko i kantina etter at maten er ferdig.

Terminkarakterar

På måndag 20.01 blir terminkarakterane publiserte for hausten 2024. Dei vil vere tilgjengelege i

Visma frå kl 14:10. Meir viktig er det at elevane les dei skriftlege tilbakemeldingane frå faglærarane. Her får eleven vite korleis dei skal vidareutvikle seg i faget.

UTV

Elevane har dette skuleåret hatt 1 time UTV pr veke, men frå veke 4 vil elevane få fri denne timen. Oppdaterte timeplanar er lagt ut på heimesida.

Tautdanning

Mandag 20. januar reiser endel av elevane på utdanningsmesse til Stavanger, dei har vanleg undervisning 5 og 6 time.

Helsing oss på 10.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Tysk	Verbsjekk	Vurdering utan karakter	Veke 4 (torsdag 23.jan)

HEIMEARBEID VEKE 4

Utdanningsval	Oppgåve på Teams: Legg inn skjermbilete av vgs-ønska dine frå Vigo-søknaden slik den er no. Gjer dette innan fredag 24. januar.
Norsk	Lær om debattinnlegg. Les i dette læringsløpet . Me repeterer det me lærte i fjor om argumentasjon. Sjå oppgåver på OneNote – heimearbeid 10A, B og C: Les 3x20 min i boka di. Rapport sidetal til lærar på torsdag/ fredag.
Engelsk	Read the text Whale Rider and write the answers to the task "understanding".
Matematikk	Gjer oppgåve 2.149, 2.150 og 2.151 s. 92 og 93 i oppgåvebok. Lever i ON.
Samfunnsfag	Les " den kalde krigen blir global " på aunivers. Skriv ned dei viktigaste opplysningane frå artikkelen, og spørsmål du har til fagstoffet, i kolonneskjemaet på OneNote.

Spansk	Førebud deg til mini-samtale på torsdag. Kva har du gjort i veka? Nemn 3 ting du har gjort og stader du har vore.
Tysk	Verbtest modale hjelpeverb + wissen (i presens) Sjå OneNote veke 4.
Eng fordj	Write two paragraphs: one in which you explain how you feel before having an oral presentation, and one after you have finished. What were your fears and expectations? How did the class and your teacher respond to your presentation and how did you feel afterward?
Musikk	Møt i aula i musikktilimen. Konsentrer deg om å læra dei skotske folkedansane korrekt. Klesbyte kan vera lurt å ha med, då du vil bli varm. Øv på jentehopp heime om du slit med dette.
Friluftsliv	Ha med sykkel, hjelm og klede til å vere ute. Sjekk www.yr.no

HEIMEARBEID VEKE 5

Norsk	Jobb med å førebud eit debattinnlegg. På OneNote finn du ei skriveramme du skal bruke. 10A, B og C: Les 3x20 min i boka di. Rapport sidetal til lærar på torsdag/fredag.
Engelsk	Watch this video : Answer the questions on OneNote – Home work.
Matematikk	Gjer oppgåve 2.152, 2.153 og 2.154. Du treng Geogebra. Lever i ON.
Samfunnsfag	Les " mot slutten av den kalde krigen " på aunivers. Skriv ned dei viktigaste opplysningane frå artikkelen, og spørsmål du har til fagstoffet, i kolonneskjemaet under.
Spansk	Skriv 3 setninger om hvordan skal være i helgen.
Tysk	Sjå OneNote veke 5.
Eng fordj	On Stage in London: What is on stage in London right now? Search the media and choose one theatre or musical production you would like to see. Include: <ul style="list-style-type: none"> • title • genre and plot • why you would like to see it
Musikk	Møt i aula i musikktilimen. Konsentrer deg om å læra dei skotske folkedansane korrekt. Klesbyte kan vera lurt å ha med, då du vil bli varm. Øv på jentehopp heime om du slit med dette.
Friluftsliv	Ha med sykkel, hjelm og klede til å vere ute. Sjekk www.yr.no

